



NASJONALT
VILLAKSSENTER

Nasjonale Loesejarnge • Nationála Luossaguovddáš



Augerogn – rett før klekking.
Foto: Arnt Mollan

Stiftelsen Nasjonalt villakssenter

ÅRSRAPPORT 2021

Innheld

| | | |
|-------|---|----|
| 1 | Om Stiftelsen Nasjonalt villakssenter..... | 4 |
| 1.1 | Formål - rolle – oppgåver | 4 |
| 1.2 | Styret | 4 |
| 2 | Året som har gått | 5 |
| 2.1 | Fellesaktivitetar | 5 |
| 2.2 | Rolla som brubyggar..... | 5 |
| 2.3 | Nasjonalt villakssenter Lyngdal – Kvåsfossen..... | 6 |
| 2.3.1 | Om besøkssenteret ved Kvåsfossen..... | 6 |
| 2.3.2 | Formidling..... | 6 |
| 2.3.3 | Besøk | 7 |
| 2.3.4 | Samarbeid..... | 7 |
| 2.3.5 | Barnehage, skule - naturrettleiing..... | 7 |
| 2.3.6 | Investeringar..... | 7 |
| 2.3.7 | Endringar grunna korona..... | 8 |
| 2.3.8 | Personale | 8 |
| 2.4 | Nasjonalt villakssenter Lærdal | 8 |
| 2.4.1 | Om besøkssenteret i Lærdal..... | 8 |
| 2.4.2 | Modernisering og utvikling – samarbeid Norway's best og eigedomsselskapet Øyraplassen 14 | 8 |
| 2.5 | Nasjonalt villakssenter Namsos..... | 9 |
| 2.5.1 | Fusjon av Kunnskapssenter for laks og vannmiljø og Nasjonalt villakssenter | 9 |
| 2.5.2 | Om eininga | 9 |
| 2.5.3 | Aktivitet | 10 |
| 2.5.4 | Naturrettleiing..... | 10 |
| 2.5.5 | Foredrag og innlegg..... | 11 |
| 2.5.6 | Samarbeid..... | 11 |
| 2.5.7 | Utstillinger | 11 |
| 2.6 | Nasjonalt villakssenter Tana - Joddu | 11 |
| 2.6.1 | Mellombels utstilling og nye kontor..... | 11 |
| 2.6.2 | Opning | 12 |
| 2.6.3 | Samarbeid – bygge møteplass..... | 12 |
| 2.6.4 | Naturrettleiing..... | 12 |

| | | |
|-------|--------------------------------|----|
| 2.6.5 | Nettsider..... | 12 |
| 3 | Personale og organisasjon..... | 13 |
| 4 | Økonomi | 13 |
| 4.1 | Rekneskapen 2021 | 13 |
| 4.2 | Drift..... | 13 |
| 5 | Perspektiv framover..... | 14 |

1 Om Stiftelsen Nasjonalt villakssenter

1.1 Formål - rolle – oppgåver

Stiftelsen er ein allmennyttig stiftelse etter lov om stiftelsar med staten ved Miljødirektoratet som stiftar. Han vart formelt stifta 23 desember 2019, då godkjenning frå Brønnøysundregisteret og Lotteri- og Stiftelsestilsynet låg føre.

Formålet er å

- formidle kunnskap om livet til villaksen, utfordringar og trugsmål
- bidra til bevaring og berekraftig utnytting av villaksstammene og deira leveområde
- legge til rette for dialog, kommunikasjon og samhandling mellom aktørar med interesser som berører villaksen og hans leveområde

Villaks betyr i denne samanhengen atlantisk villaks, sjøaure, sjørøye, namsblank og byglandsbleke.

Rolla er å vere ein kunnskapsformidlar i skjeringspunktet mellom forsking og forvaltning, ei kjelde til kunnskap, eit senter for læring og kompetanseutvikling og ein arena for dialog og samhandling.

Primæroppgåva er å legge til rette og formidle relevant kunnskap om villaksen. Formidling og opplæring skal tilpassast ulike målgrupper. Barn og unge er ei særleg viktig målgruppe.

Stiftelsen er landsdekkande med einingar i kommunane Lyngdal, Lærdal, Namsos og Tana.

1.2 Styret

Styret har åtte medlemmer – fire nemnde opp av Miljødirektoratet og fire av kvar sin vertskommune. Vertskommunane sine representantar har personlege varamedlemmer. Det er tre varamedlemmer for styremedlemmene nemnde opp av staten.

| Medlem | | Varamedlem | |
|---------------------------|-----------------|--------------------|----------------------------------|
| Jostein Skurdal (leiar) | | 1. Kjell Kvindedal | Statsforvaltaren Vestland |
| Bente Rønning (nestleiar) | NINA | 2. Torfinn Rohde | Røros kommune |
| Ørnulf Haraldstad | Pensjonist | 3. Linda Aaram | Statsforvaltaren Møre og Romsdal |
| Torill Olsson | MIMIR | | |
| Monica Balto Anti | Tana kommune | Odd Erik Solbakk | Tana kommune |
| Nils Roger Duna | Namsos kommune | Frode Båtnes | Namsos kommune |
| Audun Mo | Lærdal kommune | Jan Olav Frelend | Lærdal kommune |
| Jan Kristensen | Lyngdal kommune | Trond Mossman | Lyngdal kommune |

Det er gjennomført seks styremøte, alle som videomøte. Styret har behandla 39 saker.

Budsjett og langtidsbudsjett, strategi, langsiktig finansiering, brubyggarrolla, dialog som verktøy, fusjon med Kunnskapssenter for laks og vannmiljø, partnarskapsavtale med Vestland fylkeskommune investering og oppstart på de fire einingane var dei viktigaste sakene.

2 Året som har gått

2.1 Fellesaktivitetar

Året er prega av korona. Prosessar var vanskelege å gjennomføre, kontaktflater mot omverda var stort sett digitale, arbeid med utstillingar tok lengre tid, leveransar vart forseinka, reisemåtar endra, besøkstal svekka, økonomien til samarbeidspartar svekka og usikker.

Organisasjonen møtest på video fleire gonger i månaden. Dei tilsette møtte kvarandre fysisk for første gong i september 2021. Alle styremøte vart gjennomført som videomøte.

Det har vore eit aktivt utviklingsarbeid og gode faglege drøftingar på tvers av einingane mellom anna i høve heimesider, etablering av Face-book sider, utstillingar, gjennomføring av naturrettleiing og opplegg for skular og barnehagar.

Dialogarenaen for aktørar med interesser knytt til villaksen og leveområda hans, vart ført vidare med videomøte vår og haust.

Det er arbeidd aktivt med å bygge relasjonar og etablere samarbeid rundt dei fire einingane. Ei rekke samarbeidsavtalar er på plass.

Me har fått bistand frå Geelmuyden Kiese med sikte på å styrke grunnfinansieringa vår og ivareta rolla som brubyggjar. Ein handlingsplan er vedteken.

Fleire viktige milepålar er passerte.

- I Tana vart utstillingar i mellombelse lokale opna 27 august
- Heimesider med fokus på barn og unge og tilrettelegging for skuleverket, vart lanserte i september
- Kunnskapssenter for laks og vannmiljø i Namsos er fusjonert inn i Nasjonalt villakssenter
- Alle tilsette, leiar og nestleiar i styret, har fått innføring i dialogmetodikken frå Nansen fredssenter
- Prosessar for å finne fram til lokale for formidling i Namsos, er starta opp
- Vestland fylke har gjort vedtak om å inngå partnarskapsavtale med NVL

Styrka grunnfinansiering er naudsynt for å nå langsigktige mål. Det er jobba aktivt for å styrke finansieringa over statsbudsjett. Potten vart ikkje auka, men arbeidet held fram mot neste års budsjett.

2.2 Rolla som brubyggjar

Brubyggjarrolla står sentralt både for å nå våre mål og som grunnlag for styrka finansiering. Å bygge opp og gjennomføre brubyggjarrolla, er prioritert.

Verktøyet i brubyggjarrolla er dialog. Nansen Fredssenter har brei erfaring med metodikken nasjonalt og internasjonalt. Me tek utgangspunkt i deira definisjon av dialog:

«..... en spesiell form for samtale, der alle som deltar får muligheten til å dele sine tanker, ideer og følelser uten at andre argumentere imot eller kommentere det sagt. Ingen av deltakerne må gi opp

noe av det de tror på eller mener er viktig for dem, men gjennom lytting og undersøkende spørsmål skapes det et rom for læring.

Målet med dialogen er at deltakerne får økt forståelse for hverandre, noe som kan føre til endring på et individuelt og samfunnsmessig nivå»

Dialog i vår samanheng er ein samtaleprosess som bygger på respekt, likeverd, anerkjenning og med definerte speleregler. Prosessen vert leia av ein upartisk tilretteleggjar. Deltakarane får fortelje samanhengande utan å møte motargument. Alle kan stille utdjupande spørsmål for å auke forståing og innsikt.

NVL teikna ein samarbeidsavtale med Nansen fredssenter. Dei vil styre og gjennomføre dialogprosessar. NVL si rolle er å legge praktisk til rette for og delta i dialogen.

Me vil invitere personar med ulike ståstedader, roller og perspektiv i høve laks og samfunnsutvikling inn i dialogen. Arenaen kallar me Dialogforum laks – bevaring og bruk. Dei fyrste kontaktar er tekne for å få dette på plass.

2.3 Nasjonalt villakssenter Lyngdal – Kvåsfossen

2.3.1 *Om besøkssenteret ved Kvåsfossen*

Besøkssenteret ved Kvåsfossen i Lygnavassdraget består av eit fjellanlegg med laksetrapp (250 m lang, fjellhall og kulp), moglegheiter for bruk av areal til utstillingar, eit besøkssenter (mottak/butikk og toalett, 100 m² utstillingsareal, møterom og panoramautsikt over juvet) og eit offentleg sikra friluftsområde (7-8 da) som uteareal.



Figur 1 Elevar frå Kvås barneskule opnar utstillinga "Villaksen på Sørlandet" saman med styreleiar i Kvåsfossen as, Jarle Thorkildsen.

Eigarskapet er ei blanding av privat og offentleg, der relasjonane mellom partane er avtalefesta og avklara. Drifta vert handert av eit eige driftsselskap.

Forholdet mellom Nasjonalt villakssenter og driftsselskapet er avtalefesta. Nasjonalt villakssenter har anlegget som utgangspunkt for sine aktivitetar på Sør- og Østlandet.

2.3.2 *Formidling*

Utstillinga "Laksen på Sørlandet" vart formelt opna i september. Kvås barneskule (5.-7.trinn) sang og klipte snora.

I oktober viste me førestillinga “Villaksen Salomon og den store reisen”, med ca. 40 tilskodarar til stades.

2.3.3 Besøk

Kvåsfossen var korona-stengt heile januar, februar og mars 2021. I samband med påsken i april var det opent nokre dagar, men eit lokalt smitteutbrot gjorde at me måtte stenge att. Frå mai har senteret vore ope som vanleg, med onsdag – og søndagsope i mai og perioden september – desember. I juni – august var senteret ope kvar dag.

Totalt tal besøkande for 2021 var 5605. I løpet av juni, juli og august var det 4599 besøkande. 890 vaksne og 338 born har vore med på guiding, og 301 barn har vore

med på barneaktivitetar i løpet av året. Det har vore nokre gruppebesøk gjennom året. Mellom anna var Miljødirektoratet på besøk i september, med ei gruppe med Statens oppsynsmenn frå heile landet.

Figur 2 Lakseforskara for ein dag i aksjon



2.3.4 Samarbeid

Ørnulf Haraldstad leia arbeidet med å etablere samarbeid og få på plass intensjonsavtalar med ulike lokale aktørar. Stiftelsen Nasjonalt Villakssenter har ved utgangen av 2021 intensjonsavtale med 2 barneskuler og Mandalselva Villakssenter. Kvåsfossen as har 4 avtaler retta meir mot reiseliv og turisme. Det vert jobba med å få på plass fleire avtalar.

2.3.5 Barnehage, skule - naturrettleiing

Både før og etter sommaren har me hatt barnehagar og skular på besøk. Rådgjevar har også vore på besøk til skular. Det er registrert totalt 20 besøk. Både barnehage, grunnskule, vidaregåande og folkehøgskular har vore innom. Alle tilbakemeldingar på formidlinga har vore positive. Tilsette i barnehage og skule melder alle om stort læringsutbyte.

Tidleg i august arrangerte me “Lakseforsker for en dag”, og inviterte born i alderen 10-14 år. 6 gutar meldte seg på. Dei fekk ein innhaldsrik dag med laksen i fokus. Representant frå Farsund og Lyngdal Jeger og Fiskerforbund viste bruk av flugestang. Deltakarane fekk også prøve seg. Elles var me innom el-fiske, disseksjon av fisk og laks over bålpanna.

2.3.6 Investeringar

Det er kjøpt inn 15 vadalar, 10 stenger til flugefiske og 10 haspelstenger. Dei skal nyttast ved besøk frå skular og i aktivitetar for born ved senteret. Elles er det kjøpt inn ein del utstyr til formidling, - mellom anna luper, bestemmelsesdukar, håvar osv. Det er også laga nye plansjar som viser bilde av dei ulike stadia i

livssyklusen til laksen. Dei skal brukast i formidlinga. Det er òg laga eit aktivitetshefte for born. For å finne svar må dei utforske heile senteret.

2.3.7 *Endringar grunna korona*

Året vart prega av koronarestriksjonar i høve besøk og aktivitetar. Nokre arrangement vart avlyst eller utsett, mellom anna "Marked på Juvkanten". Men det har òg vore mange gode og lærerike stunder med skuleelevar og gjester på besøk.


2.3.8 *Personale*

Anne Charlotte Westerås gjekk ut i fødselspermisjon medio juli, - og Rønnaug Lo Kjølleberg vart tilsett som vikar for ho.

2.4 Nasjonalt villakssenter Lærdal

2.4.1 *Om besøkssenteret i Lærdal*

Villakssenteret i Lærdal rommar visingsanlegg-/akvarium/observatorium med levande laks og sjøaure. Det har eit utstillingsareal på kring 500 m², det har ein kurs/konferansesal med 150 sitteplassar, det har servering/restaurantareal på 150 m² inkl. kjøken, det har fellesareal for mottak, garderober og toalett.



Figur 3 Villakssenteret i Lærdal – gamle utstillingar.

Nasjonalt villakssenter vil ha anlegget som utgangspunkt for sine aktivitetar i Vest-Noreg.

2.4.2 *Modernisering og utvikling – samarbeid Norway's best og eigedomsselskapet Øyraplassen 14*

I 2020 gjennomførte Norway's best (NB), eigedomsselskapet Øyraplassen 14 (ØP 14) og Nasjonalt villakssenter (NVL) ein idekonkurranse for utvikling av bygg og utstillingar.


Ved å gå saman vil me skape noko som er større enn det kvar av oss kan få til. Det er inngått ein samarbeidsavtale mellom dei tre partane. Formålet med avtalen er å regulere det overordna forholdet mellom partane og få ei klar rolle- og ansvarsdeling. Vårt felles mål er å skape:

- eit heilskapleg besøks- og opplevelingstilbod basert på villaksen i Lærdal

- ein internasjonal spektakulær attraksjon, med grunnlag for 70 000 besøkande og aktivitet heile året
- ringverknader og stimuli for utvikling av aktivitetar og opplevingar i Lærdal, regionen og fylket

I 2021 vart det gjort utbetringer og oppgradering av bygget, og oppstart av kafé og bakeri. Publikum fekk fri tilgang til lakseobservatoriet med levande laks frå juli 2021. Anslagsvis har det vore kring 5 000 besøkande som har sett på laksane. Riving av gamle utstillingar i Villakssenteret har teke til.

Forprosjekt med løysingar for nye utstillingar låg føre ved utgangen av juni 2021. Det er gitt 220 000 i støtte av ekstraordinære «koronamidlar» til forprosjektet frå Lærdal Næringsutvikling.



Figur 4 Villakssenteret i Lærdal – utdrag frå forprosjektet – nye utstillingar.

Det vart planlagd for opning i 2022. Stoda med korona har skapt uvisse kring NB sin økonomi, vanskar med leveransar og framdrift. Framdrifta er justert i høve endra føresetnader. Det vert sett i verk mellombelse tiltak og delvis opning for publikum i 2022, og opning i 2023.

2.5 Nasjonalt villakssenter Namsos

2.5.1 *Fusjon av Kunnskapssenter for laks og vannmiljø og Nasjonalt villakssenter*

Det vart starta ein prosess for å fusjonere Kunnskapssenter for laks og vannmiljø inn i Nasjonalt villakssenter våren 2021. Prosessen vart formelt avslutta i november 2021. Tilsette har no NVL som arbeidsgjevar. KLV eksisterer ikkje lenger.

2.5.2 *Om eininga*

NVL Namsos har to tilsette. Dei har kontor på Nord universitet sin campus i Namsos og tilgang til møterom, kantine, bibliotek og auditorium – det største rommar 150 personar.

SNO sitt naturoppsyn med fagansvar for laks i region Trøndelag er samlokalisert med NVL.

Senteret driv kunnskapsformidling gjennom ulike kanalar, har forma opplegg for skular og driv naturrettleiing.

Nasjonalt villakssenter ønsker kunnskapssenteret som utgangspunkt for sine aktivitetar i Midt-Noreg.

2.5.3 Aktivitet

Aktivitet og arbeidsmåte i NVL Namsos vart påverka av koronastoda. Dei fleste møte/samlingar vart digitale. Lenge var det uvisse knytt til kva aktivitetsnivå ein skulle legge seg på i høve naturrettleiing og møte med skular. Etter kvart kom utdanningsdirektoratet med klare oppmodingar om meir uteskule. Det vart gledeleg travelt rundt skuleslutt og -start.

2.5.4 Naturrettleiing

Gjennom året har NVS Namsos hatt opplegg for 11 grunnskular, to barnehagar, ein folkehøgskule og lina for sportsfiske på Grong VGS. Me har gjett fagleg bidrag på Camp villaks og hatt stand på kulturmartnaen i Namsos. På Namsskogen familiepark – med 50 000 besøkande i 2021 – er det formidla kunnskap om Namsblank og elvemusling. Det vert vist fram levande namsblank, aure og elvemusling.



Figur 5 Den sjeldne Namsblanken slik du kan sjå han i akvarium på Namsskogen familiepark.

Turistvertane har fått opplæring frå oss. Dei melder om stor interesse.

Gjennom naturrettleiinga har me møtt 495 unge og 53 voksne. Opplegg for skulane er gjennomført ved bekkar og elvar nær dei.

Det er gjennomført lærarkurs i familieparken saman med Besøkssenter rovdyr. Covid 19 førte diverre til stor fråfall.

2.5.5 Foredrag og innlegg

Me har hatt foredrag på Miljødirektoratet sitt webinar om elvemuslingen med 250 deltagarar. På Rotary Namsos fortalte me om lakseforvaltninga til vel 30 deltagarar. Me har også hatt faglege innlegg på møte i Lakseutvalet for Namsevassdraget og Namdal lakseråd.

2.5.6 Samarbeid

Me har hatt planleggingsmøte med Namdalsmuseet, Sørenget oppvekstsenter, besøkssenter rovdyr – Namsskogen, Namsskogen familiepark, Vitensenteret Trondheim, NTNU vitskapsmuseet, inkl. lakseinfo og Grøn barneby Trondheim.

Det har vore fleire møte med leiar i Namsevassdraget elveigarlag, vannkoordinatoren i Namdalen, politisk og administrativ leiing i Namsos kommune, leiaren i Namdal regionråd, Visit Namdal og INam.

2.5.7 Utstillingar

Me har vore med i planlegginga av utstillingar i Namsskogen naturlab i Namsskogen familiepark.

2.6 Nasjonalt villakssenter Tana - Joddu

2.6.1 Mellombels utstilling og nye kontor

Nasjonalt villakssenter Tana – Joddu flyttet inn i nye lokale 1. februar 2021. Fyrste halvår gjekk med til å prosjektere, planlegge og bygge ei mellombels utstilling i Tana bru. Utstillinga og lokalet er forma som eit fleirbruksrom, med scene, digitale skjermer, ein arbeidsbenk for enkle natur- og biologiforsøk og undervisning. Ein erosjonsmodell for utvikling i elveløp er på plass. Det er valt rammer til tekstutstillingar som gjer det enkelt og rimeleg å bytte utstillingar.

Me fekk økonomisk støtte til utstillingane frå Tana kommune og Sametinget.



Figur 6 Mellombelse utstillingar - bord for å vise korleis ei elv vert til, endrar seg og vert forma av vatnet.

2.6.2 *Opening*

Fredag 27. august vart senteret offisielt opna. Det vart bygd opp utandørs scene og laga eit program med både fysiske og digitale kulturinnslag, talar og helsingar. Det var lagt vekt på at born og unge skulle ha ein plass i programmet. Me fekk helsingar frå Klima og miljøvernministaren, Statsforvaltaren, Sametinget, FEFO, Troms og Finnmark Fylkeskommune, Tana Kommune Tana-vassdragets fiskeforvaltning og Karasjok kommune. Tana kulturskole og lokale artistar stod for kulturinnslaga.

Det heile vart streama direkte. IFinnmark og VALY stod for produksjon og sending. Ca. 200 gjester møtte fram.

Me fekk økonomisk støtte til opninga frå Tana kommune.



Figur 7 Opningsseremoni Tana - helsing frå fylkesordføraren i Troms og Finnmark

2.6.3 *Samarbeid – bygge møteplass*

Arbeidet med å bygge NVL Tana som en møteplass har teke til. Senteret er presentert for alle lærarane i kommunen. Det er gjennomført fleire møte med Deanu Instituhutta og Tana vassdragets Fiskeforvaltning. Det er også inngått intensjonsavtalar om samarbeid med dei to aktørane.

Den lokale utstillinga og NVL sitt arbeid er presentert for ei rekke stortingspolitikar. Korona har utfordra framdrifta, men me er i gang med å bygge relasjonar for vidare samarbeid med skule, barnehage og næringsliv.

2.6.4 *Naturrettleiing*


Me har fått testa ut eit samarbeid med Naturtjenester i Nord som har levert naturrettleiing til mellomtrinnet i grunnskulen. Grunna korona har aktiviteten vore liten.

2.6.5 *Nettsider*

Nettsida vart lansert på norsk i september (<https://www.villakssenter.no>). Arbeidet med å få på plass samiske oversettarar har teke tid. Dei kom på plass ved utgangen av 2021. Me reknar med å kunne lansere den nordsamiske versjonen i løpet av fyrste halvår 2022.

3 Personale og organisasjon

Organisasjonen ved utgangen av året, går fram av figuren under.



Figur 8 Organisasjonskart pr. 31.12.2021.

4 Økonomi

4.1 Rekneskapen 2021

Fusjonsprosessen med KLV gjør at det er felles rekneskap for dei to stiftelsane i 2021. Budsjettet vart sett opp med eit meirforbruk på 2,4 mill. kroner. Rekneskapen viser eit meirforbruk på 1,2 mill. kroner. Resultatet er såleis 1,2 mill. kr betre enn budsjettet. Hovudforklaringa er tilførsel av midlar gjennom fusjonsprosessen med KLV

Stiftelsen har eigenkapital på 4 552 400 kr ved utgangen av året.

4.2 Drift

Tabellen viser driftsrekneskapen i forhold til budsjett på utvalde postar. Fusjon med Kunnskapssenter for laks og vannmiljø ligg inne i tala.

| | Frå rekneskapssystemet | | Avvik | |
|---------------|------------------------|-------------------|----------------|------------|
| | Budsj | Rekneskap | Kr | % |
| Styre | 523 000 | 426 753 | 96 247 | 18 |
| Dagleg leiing | 1 365 875 | 1 327 767 | 38 108 | 3 |
| Felles | 1 266 250 | 1 244 038 | 22 212 | 2 |
| Lyngdal | 1 685 755 | 1 313 055 | 372 700 | 22 |
| Lærdal | 3 415 100 | 3 591 841 | - 176 741 | - 5 |
| Namsos | 1 900 000 | 1 843 013 | 56 987 | 3 |
| Tana | 1 965 140 | 2 378 136 | - 412 996 | - 21 |
| Sum | 12 121 120 | 12 124 603 | - 3 483 | - 0 |

Det er henta ut tal frå rapporteringssystemet Cantor. Det gjev eit bilet av drifta. Det viser at samla økonomistyring er god.

Det er positive avvik i høve budsjett på styre, dagleg leiing, felles, Lyngdal og Namsos. Her er det ein oversiktleg og grei drift.

Det er negative avvik i Lærdal og Tana. Begge stader var det prosessar som er meir uoversiktlege og som ikkje var budsjettert godt nok i utgangspunktet. Me tek lærdom av dette inn i budsjett for 2022.

5 Perspektiv framover

Etter styre si vurdering held den gode starten frå 2020 fram i 2021. Ei rekke prosessar og tiltak har vore gjennomført og det er god framdrift i pågående prosessar.

Brubygginga, i form av å bygge relasjonar til og samle relevante aktørar, held fram. Einingane har god regional og kommunal støtte og kontakt.

Staben har flinke og godt motiverte medarbeidarar. Dagleg leiar held fram arbeidet for å utvikle kvar eining og den felles overbygninga, på ein særslig god måte. Me dreg stor nytte av det felles fagmiljøet som er etablert på tvers av dei fire einingane.

Laksen er no raudlista og me merkar at svært mange er uroa for laksen si framtid. Invasjonen av pukkellaks gjev grunn til ekstra uro og innsats, særleg i nord. Det er aukande trond for god og sakleg informasjon, og det er viktig å få alle senter på plass med utstillingar og møteplassar. Me er i kontakt med lokale, regionale og nasjonale finansiørar for å få hjelpe. Signala er positive. Den politiske interessa er også styrka.

Vidare satsing på born og unge, utvikling av rolla som brubyggjar gjennom aktiv bruk av dialogverktøyet og utfordringar med samisk språkdrakt, krev styrke statleg finansiering.

Utvikling av eit digitalt villakssenter bør organiserast som eit eige prosjekt med si eiga finansiering.